



Norges Vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

2011 04 255 - 37  
KV/FIRH

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201101735-27/344/TALHALS

Dykkar ref.:  
NVE 201104255-12

Bergen, 13. desember 2012

## Aldal Kraft AS - Søknad om løyve til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune - Hordaland - Høyring

Vi viser til brev dagsett 13. august 2012 der NVE ber Hordaland fylkeskommune om fråsegn til Aldal kraft AS sin søknad om Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune i Hordaland.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 6. desember d.å. og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. Ut frå omfanget av ny produksjon av energi meiner fylkesutvalet i Hordaland at BKK sitt tidlegare omsøkte prosjekt for Frøland/Aldal kraftverk bør prioriterast framfor det grunneigarinitierte Aldal kraftverk.
2. Dersom konsesjonsstyresmaktene finn at BKK sitt prosjekt har arealverknader som gjer at prosjektet må reduserast i omfang, meiner fylkesutvalet at det bør vere rom for realisering av Aldal kraftverk i regi av grunneigarane.
3. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
4. Kjende kulturminneverdiar er ikkje tilstrekkeleg opplyst i konsekvensutgreiinga. Det bør utførast ei tilleggsutgreiing av kulturminne-tema av ein med kulturminnefagleg kompetanse.
5. Avbøtande tiltak må vurderast for å sikre levetilhøva for hekkande fossefall i vassdraget.
6. Fylkesutvalet meiner det er særst uheldig at NVE har sendt to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid då dette ikkje gjev ein gunstig høyringssituasjon med tanke på vurdering av totalbelastning for vassdraget og samanlikning av prosjekta. Fylkesutvalet er likevel nøgd med at prosjekta vert sluthandsama samla.

Vedlagt brevet følgjer kopi av saksutgreiing og møteprotokoll.

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
Rådgjevar

Vedlegg: 2

Kopi: Warren, Elisabeth Jan, Kultur- og idrettsavdelinga

**Torill Selsvold Nyborg** gjekk frå som ugild fordi ho sit i styret for BKK. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

**Tom-Christer Nilsen** opplyste at far hans er styreleiar i BKK, og stilte spørsmål om han var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Tom-Christer Nilsen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Nilsen gjekk frå under røystinga.

Fylkesvaraordførar **Mona Hellesnes** leidde møtet.

Det var 13 representantar til stades.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune meiner at Aldalselva ikkje bør byggjast ut. Dette er eit verdifullt natur- og kulturområde, både med tanke på naturmangfald, friluftsliv, landbruk og kulturminne. Fylkeskommunen rår difor til at det ikkje vert gjeve konsesjon til Aldalselva kraftverk.»

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 11 røyster mot 2 røyster (SV, V) for Oen sitt forslag.

### **VEDTAK**

1. Ut frå omfanget av ny produksjon av energi meiner fylkesutvalet i Hordaland at BKK sitt tidlegare omsøkte prosjekt for Frøland/Aldal kraftverk bør prioriterast framfor det grunneigarinitierte Aldal kraftverk.
2. Dersom konsesjonsstyresmaktene finn at BKK sitt prosjekt har arealverknader som gjer at prosjektet må reduserast i omfang, meiner fylkesutvalet at det bør vere rom for realisering av Aldal kraftverk i regi av grunneigarane.
3. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
4. Kjende kulturminneverdiar er ikkje tilstrekkeleg opplyst i konsekvensutgreiinga. Det bør utførast ei tilleggsutgreiing av kulturminne-tema av ein med kulturminnefagleg kompetanse.
5. Avbøtande tiltak må vurderast for å sikre levetilhøva for hekkande fossefall i vassdraget.
6. Fylkesutvalet meiner det er særskild uheldig at NVE har sendt to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid då dette ikkje gjev ein gunstig høyringssituasjon med tanke på vurdering av totalbelastning for vassdraget og samanlikning av prosjekta. Fylkesutvalet er likevel nøgd med at prosjekta vert slutthandsama samla.



Arkivsak 201101735-18  
Arkivnr. 344  
Saksh. Halsør, Tale, Warren, Elizabeth

**Saksgang**

Kultur- og ressursutvalet  
Fylkesutvalet

**Møtedato**

13.11.2012  
21.11.2012 - 22.11.2012

## **KONSESJONSSØKNAD FOR ALDALSELVA KRAFTVERK I SAMNANGER KOMMUNE - FRÅSEGN**

---

### **SAMANDRAG**

Aldal kraftverk søker om å få bygge ut i Aldalselva i Samnanger kommune. Utbygginga er i direkte konflikt med planlagd oppgradering og utviding av BKK sin kraftproduksjon i Samnangervassdraget. Fylkesutvalet har tidlegare hatt BKK si sak til høyring og gav eit positiv høyringsfråsegn. Prosjektet til BKK vil overføre vatn frå Aldalselva til Samnangervassdraget og fjerne grunnlaget for utbygginga til Aldal Kraft AS. Denne saka er ikkje ferdig handsama hjå NVE, som vil handsame dei to sakene saman når høyringsrunda for Aldal Kraft AS er ferdig.

Aldal kraftverk vil ha ein årleg kraftproduksjon på 18 GWh og vil nytte drikkevasskjelda til Samnanger kommune, Fitjavatnet, til magasin. Tiltaket er ikkje i direkte konflikt med kjende freda kulturminne. Utbygginga vil generelt ha små verknader for naturmiljø, ressursar og samfunn, men det er venta at konsekvensen for friluftsliv i området vil vere middels negativ. Konsekvensane er i hovudsak knytt til redusert vassføring i elva og etablering av ei 20 meter brei og 2,5 km lang røyrgate. Området har tre trua, raudlista artar. Fylkesrådmannen meiner det er særskild uheldig at NVE har sendt to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid.

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

1. Ut frå omfanget av ny produksjon av energi meiner fylkesutvalet i Hordaland at BKK sitt tidlegare omsøkte prosjekt for Frøland/Aldal kraftverk bør prioriterast framfor det grunneigarintierte Aldal kraftverk.
2. Dersom konsesjonsstyremaktene finn at BKK sitt prosjekt har arealverknader som gjer at prosjektet må reduserast i omfang, meiner fylkesutvalet at det bør vere rom for realisering av Aldal kraftverk i regi av grunneigarane.

3. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
4. Kjende kulturminneverdiar er ikkje tilstrekkeleg opplyst i konsekvensutgreiinga. Det bør utførast ei tilleggsutgreiing av kulturminne-tema av ein med kulturminnefagleg kompetanse.
5. Avbøtande tiltak må vurderast for å sikre levetilhøva for hekkande fossefall i vassdraget.
6. Fylkesutvalet meiner det er særskild uheldig at NVE har sendt to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid då dette ikkje gjev ein gunstig høyringssituasjon med tanke på vurdering av totalbelastning for vassdraget og samanlikning av prosjekta. Fylkesutvalet er likevel nøgd med at prosjekta vert slutthandsama samla.

Paul M. Nilsen  
Fylkesrådmann

Matti Torgersen  
Konstituert regionaldirektør

Vedlegg:

1. Saksframlegg konkurrerande søknad frå BKK: Konesjonssøknad for Aldal og Frøland kraftverk i Samangervassdraget - fråsegn
2. Tilhøyrande vedtak: Vedtak/innstilling (tekn. sp.), FUV, 20110519

## FYLKESRÅDMANNEN, 24.10.2012:

### 1. Innleiing

Det ligg føre ein søknad frå Aldal Kraft AS om løyve til å byggje Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune. NVE har sendt saka på høyring med frist 28. september. BKK har planlagt eit konkurrerande prosjekt, som Fylkestinget i Hordaland har uttalt seg positivt til. Prosjektet vil overføre vatn frå Aldalselva til Samnangervassdraget og fjerne grunnlaget for utbygginga til Aldal Kraft AS. Denne saka er ikkje ferdig handsama hjå NVE, som vil handsame dei to sakene saman når høyringsrunda for Aldal Kraft AS er ferdig. Hordaland fylkeskommune har søkt om og fått innvilga utsett frist for fråsegn til etter fylkesutvalet sitt møte 21.-22. november.

### 2. Søknaden

#### 2.1. Områdeomtale

Aldalselva renn ut ved Aldal heilt innst i Samnangerfjorden og utbyggingsområdet strekk seg frå utlaupet av Fitjavatnet, 2,5 km. ned Aldalselva og ned til planlagt kraftstasjon ved fjorden. Aldalselva er ikkje verna og er eit sidevassdrag til Samnangervassdraget.

Området er prega av skogkledde åsar, med naturleg og planta skog. I tillegg er det nokre gardsbruk langs elva og hytter ved Fitjavatnet. Det er få tekniske inngrep i området og elva er lite synleg.



Figur 1 Aldal Kraft AS nedbørsfelt

#### 2.2. Utbyggingsplanane

Aldal kraft AS søker om å etablere ei demning i Fitjavatnet, rørtrase til kraftverk i dagen nede ved fjorden. Inntaket til kraftverket er planlagt plassert i Fitjavatnet på kote 336 og ført i rør ned til

kraftstasjonen på kote 5. Å etablere rørtraseen vil krevje felling av skog i eit minst 20 meter breitt belte dei 2,5 km ned til kraftstasjonen. Fitjvatnet er i dag regulert til hovudvasskjelde i Samnanger kommune og det er veg nesten opp til vatnet. Prosjektet omfattar likevel to mindre vegutbyggingar i tillegg til ein midlertidig anleggsveg i strandlinja ved Fitjvatnet og andre provisoriske vegar langs delar av rørtraseen. Demninga er dimensjonert til 2 gangar 25 meter og planlagt plassert ved utlaupet av vatnet. Utbyggar planlegg å grave ned inntaket i lausmassar sørvest for utlaupet. Utbygginga er venta å gi ein årleg produksjon på 18 GWh. Estimerte utbyggingskostnad er 49,4 millionar kroner, som gjev ein utbyggingspris på 2,75 kr/kWh.

Reguleringsgrenser: Utbyggar vil regulere Fitjvatnet med 1,1 meter. Dette er innanfor dagens variasjonar i vasstand.

Nettilkopling: Det er per i dag ikkje ledig kapasitet for å overføre den nye produksjonen, men med fullføring av leidning Sima-Samnanger vil det vere mogleg å transportere ut av området. I tillegg krevst ny transformeringskapasitet i Samnanger, som er planlagt fullført 2014 (BKK Nett AS). Ein 100 meter lang 22 kV jordkabel er planlagt frå kraftstasjonen for å knytte seg til den eksisterande forsyningslinja.

Massar: Det er ikkje venta noko særleg grad av massar, eventuelle massar vil nyttast til etablering av parkeringsplass ved kraftstasjonen. Det er planlagt eit midlertidig deponi av massar frå røyrmeta i traseen.

### **Konkurrerende prosjekt frå BKK**

BKK Produksjon AS søker om konsesjon for å oppgradere og byggje ny kraftproduksjon i Samnangervassdraget med tilknytning til det regionale straumnett. Dei søker om to ulike alternativ, der BKK prioriterer alt.1.

Alternativ 1 vil nytte fallet frå Grøndalsvatnet til sjøen og hente vatn frå sidevassdraga Aldselva og Kvernelva. Dette alternativet inneber at Frøland kraftverk vert lagt ned og ombygd til eit småkraftverk, og Myra kraftverk vert lagt ned. Aldal kraftverk er rekna til å få ein årsproduksjon på 222 GWh og gi 80 GWh ny produksjon.


Alternativ 2 vil nytte fallet frå Grøndalsvatnet til Frølandsvatnet. Også her vil noverande Frøland og Myra kraftverk måtte leggjast ned. Dette alternativet vil gje ein årsproduksjon på 182 GWh eller 27 GWh ny produksjon. Til begge alternativa kjem også eit nytt Frøland småkraftverk.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka i møte 19. mai 2011 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. *Fylkesutvalet i Hordaland rår til at det vert gjeve løyve til utbygging i Samnangervassdraget og Aldselva etter alternativ 1 (Aldal kraftverk og Frøland småkraftverk).*
2. *Då utbygginga gjeld eit vassdrag med laks og sjøaure viser ein til dei fylkespolitiske retningslinene om tiltak for å redusere negativ innverknad, t.d. vurdering av omløpsventil, tilpassa vassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin. Ved val av deponi og kraftlinetrasear bør ein i størst mogeleg grad ta omsyn til sårbare naturtypar og førekomst av raudlisteartar.*
3. *Kulturminne:*
  - *Deponialternativ aust for vegen i Engjaliområdet bør takast ut av planen slik at det ikkje er i konflikt med opplevingsverdi av KM 9, den freda helleren, askeladden id 120768.*
  - *Tilkomstvegen til inntak i Aldselva bør justerast for å sikre blokkhelleren ved Aldalen som er eit kulturminne av lokal/regional verdi.*
  - *Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.*

Fylkesutvalet vart i saksframlegget informerte om den direkte konflikten mellom BKK sine planar for Aldselva og prosjektet grunneigarane har teke initiativ til. NVE ønskjer å sjå dei to prosjekta i samanheng og har difor ikkje ferdigstilt sakshandsaminga for BKK sitt prosjekt, men ventar til

høyringsrunden for Aldal Kraft AS er ferdig. For å unngå å eventuelt måtte gjere om tidligare vedtak burde dei to sakene vore på høyring på same tid.



Figur 2 Konkurrerende prosjekt BKK

### 3. Verknad for naturmiljø, ressursar og samfunnsinteresser

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for tiltaket med egne delrapportar for ulike tema. Disse er å finne på NVE sine nettsider [www.nve.no](http://www.nve.no) under søknader. Under følgjer dei mest sentrale momenta frå rapportane.

#### Hydrologi

Aldalselva er i dag uregulert, medan Fitjvatnet er nytta til vasskjelde for Samnanger kommune. Fitjvatnet har naturleg variasjon i vasstand på om lag to meter og elva har i snitt 15 til 20 flaummar i året.

Middelvassføring i elva er 835 l/s. Søkjar har framlegg om minstevassføring på 15 l/s sommar og ikkje noko minstevassføring vinter. Restvassføring nedanfor inntaket frå sideelvar er estimert til i snitt 157 l/s. Regulering av Fitjvatnet er planlagt til 1,1 m., som er ein reguleringsgrad på 1,7 prosent. Utbygginga vil dempe flaummar noko, men det vil framleis vere flaummar i elva.

#### Landskap

Influensområdet ligg i eit ope fjordlandskap innst i Samnangerfjorden, der fjorden er det mest sentrale landskapselementet. Aldalselva er ei av dei største elvane, men vasstrengen er lite synleg grunna mykje og dels tett vegetasjon. Utbyggingsområdet er dominert av skogkledd landskap, der øvre del av området er meir ope naturskog, medan nedre del er tettare med ei blanding av lauvskog og planta granskog. Landskapsverdiene i influensområdet er vurdert til liten til middels.



Inngrepet er rekna å ha større innverknad enn vanleg småkraftutbygging, grunna regulering av Fitjavatnet. Dette vil redusere området utan inngrep (INON<sup>1</sup>) med 0,16 km<sup>2</sup>. Med tanke på at elvestrengen i dag er lite synleg og at demninga ikkje vert synleg frå vegen eller fjorden er dei landskapsmessige konsekvensane hovudsakleg knytt til røytraseen og tilhøyrande anleggsvegar. Den vil gi eit minst 20 meter breitt og 2,5 km langt belte utan skog, som vil vere middels godt synleg i det storskala landskapsområdet. Regulering av Fitjadalsvatnet vil gje ei synleg reguleringssone langs heile vatnet. Denne vil vere innanfor naturlege variasjonar og vil difor truleg gjere reguleringstiltaka mindre synlege. Elva er meir synleg i øvre del og for dette området vil utbygginga ha noko konsekvens ved at vassføringa er lågare enn i dag eller fråverande. Konsekvensane er vurdert til *liten til middels for landskap*.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Nærmaste kjent freda kulturminne er ein heller, Askeladden id 97135, som ligg ca 1,3 km frå Fitjavatnet. Ein heller av uviss alder som vart funne i 1988 er ikkje lokalisert, men ligg aust for Aldalselva og halvvegs mellom Myrland og Slåtta. Nede ved utløpet til Aldalselva ligg Aldal kulturlandskap, som er eit kulturmiljø som omfattar to småbruk. Aktivitet her kan daterast tilbake eit sagbruk som eksisterte her på 1600-talet. Det er og spor etter tre kvernhus mellom Fitjavatnet og fjorden. Ved Myrland var eit mindre kraftanlegg knytt til garden, men dette vart lagt ned då straumen vart ført fram til garden.

Kulturmiljøet er vurdert til å ha liten til middels kunnskapsverdi og opplevingsverdi, og liten bruksverdi.

Planlagde inngrep er ikkje i direkte konflikt med kulturminne. Regulering av vatn i Aldalselva vil påverke ein naturressurs som er knytt til oppleving av nyare tids kulturminne som kvernhus, sagbruk og eit lite kraftverk.

#### Biologisk mangfald

Det er registrert beiteområde for hjort i influensområdet for utbygginga. Området har gråor-heggskog av verdi C, rik lauvskog og tre raudlista<sup>2</sup> tresortar (alm (NT), barlind (VU) og ask (NT)). Her er registrert soppene kastanjestilkjuka (VU) og almekullsopp (NT). Fitjavatnet har ein god bestand raudlista strandsnipe (NT) og linerle og god økologisk kvalitet med over middels verdi for biomangfald og fleire regionalt sjeldne vassinsekt. Det er registrert observasjon av storlom (NT) og smålom ved vatnet, men dette er truleg kun som næringssøk sidan vatnet ikkje høver seg som hekkeplass for fuglen. I Aldalselva er det registrert raudlista flommose (VU) og eitt til to par hekkande fossefall. Det er registrert observasjonar av stor salamander i tjern i øvre del av Aldalen, men det er uklart om den framleis lever i området.

Konsekvensane av utbygginga på det biologiske mangfaldet er særleg knytt til røytraseen, som vil gå gjennom skogsområde med raudlista artar. Verdiane i skogen er allereie påverka og fragmentert av utplanta granskog. Det er potensiale for avbøtande tiltak for å redusere påverknaden på lauvskogen. Redusert vassføring vil forverre levetilhøva for botndyr og insekt i elva, særleg i øvre del. Dette vil kunne redusere næringstilgangen for elvefuglar og fisk. Redusert vassføring vil kunne forverre tilhøva for den truga flommosen i elva, men konsekvensane er usikre. Konsekvensane er vurdert til *liten til middels for biologisk mangfald*.

#### Fisk

Fitjavatnet har ein relativt stor, men småfallen aurebestand. Grunna lite næringstilgang og gode tilhøve for gyting i elvane er kondisjonen synkande med storleik på fisken. Påverknaden av utbygginga på økosystemet i Fitjavatnet er i stor grad avhengig av kor ofte og kor lenge vatnet tappast ned. Grunna stor naturleg variasjon i vasstand i vatnet vil konsekvensane først vere tilstade dersom tappinga skjer ofte og utanom dei normale tidspunkta på året.

---

<sup>1</sup> INON, Inngrepsfrie naturområder i Norge, er områder som ligg meir enn ein km unna tyngre tekniske inngrep som kraftmaster, vegar eller vassdragsreguleringar.

<sup>2</sup> Norsk rødliste er ei samla vurdering av risikoen for at norske artar døyr ut. Artar vurdert som VU, sårbar, er rekna å ha høg risiko for å døyr ut. NT, nær trua, er artar som vurderast til å liggje nær vurderinga sårbar eller trua.

Anadrom strekning med laks og aure nedst i Aldalselva vert ikkje påverka av utbygginga. Konsekvensane er vurdert til *liten til middels for fisk*.

#### Friluftsliv

Influensområdet ligg i eit regionalt friluftsområde, Fitjadal-Bogaskardet, av middels verdi. Det er ein del bruk av området til friluftsliv, men bruken er hovudsakleg lokal. Fitjavatnet er nytta ein del til fiskevatn, trass i låg kvalitet på fisken. Det er jakt på hjort i området. I Aldalen har eit enkeltmannsføretak dei siste somrane skipa friluftsliv for born.

Utbygginga vil føre til tekniske inngrep og redusere vassføring i eit viktig friluftsområde. Det vert redusert opplevingsverdi av elva frå stien i øvre del. Rørtraseen vil redusere verdien av ein sti, men denne er lite i bruk i dag. I utbyggingsfasen vil tilhøva for jakt vere vanskelegare, men då det er grunneigarane som er både utbygger og eigar av jaktrettane, vil dei kunne tilpasse dei negative konsekvensane til eige bruk. Konsekvensane for friluftsliv er vurdert til *middels negative*.

#### Samfunn

Utbygginga har ein investeringskostnad på 50 mill. kroner og vil kunne gje lokal sysselsetjing i anleggsfasen. Utover dette vil det ikkje vere arbeidsplassar knytt til prosjektet. Aldal kraft AS er eigd av grunneigarane til Aldalselva og har 100 prosent av fallrettane. Kraftproduksjonen er venta å generere ei årleg omsetjing på 11 mill. kroner, og vil vere ei attåtinntekt for 26 gardsbruk.

#### Avbøtande tiltak

Utbygger foreslår følgjande avbøtande tiltak

- Å leggje til rette for fri ferdsel i området ved demninga
- Å etablere tersklar i elva for å redusere dei negative konsekvensane for botndyr
- Å nytte dei øvre jordmassane som vert fjerna til tildekking for å sikre rask og stadeigen revegetering
- Å hogge ut noko av dei eksisterande granplantefelta for å gje naturskogen betre tilhøve.

Utbygger har ikkje planlagt minstevassføring i vinterhalvåret.

## 4. Vurdering og tilråding

Fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk

#### R3 Fjordlandskap

Fjordlandskapet i Samnangerfjorden er vurdert til middels verdi. Det er kun utarbeidd særskilde retningslinjer for fjordområde av stor verdi eller fjordområde som er urørte.

#### R4 Sårbart høgfjell

Området ligg ikkje i høgfjellet, og retningslinje 4 er av den grunn ikkje relevant.

#### R5 Biologisk mangfald

1. Tre sårbare artar på raudlista er funne i tiltaksområdet og retningslinje 5 slår fast at ein i slike situasjonar skal vise varsemd med å gje løyve til utbygging.
3. *For elver som fungerer som hekkeområde for fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring.* Aldal kraft legg i sin søknad opp til ingen minstevassføring i vinterhalvåret og 15 l/s i sommarhalvåret. Restfeltet nedstrøms er estimert til 157 l/s. Det er ikkje gjort vurderingar for korleis dette vil påverke fossefallet sine levetilhøve.

#### R6 Fisk

Utbygginga vil ikkje ha direkte verknader for anadrom strekning, men elva er lakseførande og ein skal i følgje retningslinje 6 pkt. 2 vise varsemd ved utbygging oppstrøms lakseførande strekning.

#### R7 Friluftsliv

Utbygginga råkar eit friluftsområde som er rekna å ha middels verdi, men ikkje nokon område med stor verdi. Denne retningslinja gjev berre føringar for utbyggingar i område med stor verdi for friluftslivet.

#### R8 Kulturminne

Konsekvensutgreiinga manglar ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne. Området er ikkje vurdert eller synfare av personell med kulturminnefagleg kompetanse. Hordaland fylkeskommune saknar referanse til SEFRAK-registeret, dvs. registeret av bygg oppførte før 1900. Kulturmiljøet ved Myrland er ikkje skildra i konsekvensutgreiinga. Her er eit gardsmiljø frå midten av 1900-talet. I tillegg er det fleire SEFRAK-registrerte bygg rundt Fitjvatnet som er ikkje skildra i konsekvensutgreiinga. Eit av desse er eit naust (SEFRAK id 122420004060) som ligg nær den planlagde sperredammen og inntaket. Det er uvisst om naustet står i dag og i kva grad det vert påverka av utbygginga. Det er heller ikkje vurdert avbøtande tiltak for kulturminne. Kjende kulturminneverdiar er ikkje tilstrekkeleg opplyst i konsekvensutgreiinga. Det bør utførast ei tilleggsutgreiing av kulturminne-tema av ein med kulturminnefagleg kompetanse.

Det er eit visst potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Hordaland fylkeskommune vil krevje arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta i § 9 i Kulturminnelova. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

#### R9 Reiseliv

Influensområdet vert nytta av ein friluftsliv for born og utbygginga vil kunne få konsekvensar for denne. Denne retningslinja legg føringar for utbyggingar i område med stor verdi for reiselivet. Området er ikkje vurdert til å ha stor verdi for reiseliv, og retningslinja er difor ikkje relevant.

#### R10 Tunnelmassar

Tunnel er ikkje del av utbygginga og retningslinja er difor ikkje relevant.

### **Oppsummering**

Prosjektet inneber utbygging av eit nytt og til no uregulert vassdrag. Konfliktnivået er vurdert til lite for dei fleste tema, med unntak av friluftsliv, der det er vurdert til middels. Utbygginga vil gje 18 GWh ny kraft, med regulering. Tiltaket er ikkje i direkte konflikt med kjende freda kulturminne. Utbygginga vil generelt ha små verknader for naturmiljø, ressursar og samfunn, men det er venta at konsekvensen for friluftsliv i området vil vere middels negativ. Konsekvensane er i hovudsak knytt til redusert vassføring i elva og etablering av ei minst 20 meter brei og 2,5 km lang røyrgate. Området har tre trua, raudlista artar.

#### Vurdering opp mot BKK sitt prosjekt

BKK sine planar som omfattar Aldalselva, vil gje 80 GWh ny, regulerbar kraftproduksjon og nyttar allereie utbygd reguleringsmagasin. Dette står opp om strategi C, delmål 10 i Klimaplan for Hordaland «Effektivisering og modernisering av eksisterande vasskraftverk».

Konfliktane ved utbygging av BKK sitt alternativ 2, nytt Frøland kraftverk og Frøland småkraftverk vil gje 27 GWh ny produksjon. Dette prosjektet har lågare konfliktnivå enn alternativ 1 med BKK sitt Aldal kraftverk. I motsetnad til BKK sitt alternativ 1, let dette prosjektet seg kombinere med Aldal Kraft AS sitt prosjekt. Desse utbyggingane vil totalt gje ein ny kraftproduksjon på 45 GWh.

Fylkesrådmannen meiner det er særskild uheldig at NVE sender to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid. Det er krevjande å vurdere totalbelastning ved dei to prosjekta opp mot kvarandre. Det er eit minimumskrav at prosjekta vert slutthandsama samla, noko NVE òg legg opp til.

Arkivsak: 201101735-23

## **FYLKESRÅDMANNEN: 27. NOVEMBER 2012**

Det er kome fram påstandar om feil i saksframlegg i fylkesutvalssak 277/2012. Grunneigarane, representerte ved John Haukenes, sende 19. november d.å. ein e-post til Hordaland fylkeskommune med innspel til saksframlegget til saka (vedlagt). Fylkesrådmannen sine merknadar er knytt til dei to punkta som handlar om BKK sitt konkurrerende prosjekt i Samnangervassdraget.

Påstand frå brev

*BKK bruker netto fallhøgde på Frøland alternativet og brutto fallhøgde i Aldal alternativet i konsesjonssøknaden sin. Denne feilen medfører at BKK favoriserer Aldal alternativet med ca. 7 GWh.*

BKK slår fast at det vart gjort ein feil i utarbeidinga av konsesjonssøknaden for Samnangervassdraget og Aldalselva (sept. 2010). Alternativ 1 (Aldal kraftverk og Frøland småkraftverk) er estimert til å gi ein produksjonauke på 80 GWh. Alternativ 2 (Nytt Frøland kraftverk og Frøland småkraftverk) var estimert til å gi ein produksjonsauke på 27 GWh. Det riktige talet for alt. 2 er 35 GWh. (Ref. telefonsamtale med Kristina Rem, prosjektleiar BKK, 27. nov. 2012).

NVE vil i etterkant av høringsrunda gjere ein gjennomgang av dei hydrologiske estimata for både BKK sitt og det grunneigarinitierte prosjektet, for å kvalitetssikre tala i søknadane (Ref. telefonsamtale med Finn Roar Halvorsrud, sakshandsamar NVE, 22. nov. 2012).

Påstand frå brev

*BKK sitt alternativ i Aldal, har ei langt dårlegare utnyttning av Aldalselva enn grunneigaranes småkraftverk. BKK sitt teoretiske potensiale er på rundt 12 GWh, viss dei greier utnytte 100% av vatnet med ein magasinprosent på 1,5% i Grønsdalsvatnet.*

*Grunneigaranes potensialet er på 18 GWh. Dvs at uavhengig om BKK kjem på Frøland eller i Aldal, er grunneigarane sitt småkraftverk i Aldalselva utan tvil til størst nytte for samfunnet.*

Det er vanskeleg å samanlikne BKK og grunneigarane sine prosjekt. Samfunnsnyttan av vatnet i Aldalselva er knytt til fleire aspekt enn den årlege produksjonen grunneigarane syner til. Særleg er det verdt å merkje seg at brukt i BKK sitt prosjekt vil straumproduksjonen av elva verte lågare, men han er då regulierbar. Vidare er påverknaden på naturmiljø og samfunnsinteresser ulik.

BKK sitt alternativ 2 (Frøland) kan kombinerast med utbygging av grunneigarinitiativet slik planane for kraftverka ligg føre. På den andre sida konkurrerer BKK sitt alternativ 1 (Aldal) og grunneigarprosjektet om vatnet i Aldalselva. For å realisere desse to prosjekta parallelt vil BKK måtte redusere sitt prosjekt slik at Aldalen kraftverk vert bygd utan bekkeinntak i Aldalselva. Dette alternativet er ikkje skissert i søknaden frå BKK, men det er likevel eit potensielt utfall som NVE kan velje å innstille på. På den måten vil det vere mogleg å realisere grunneigarinitiativet Aldalselva kraftverk parallelt med ei utbygging av enten BKK sitt alternativ 1.

Fylkesrådmannen meiner det er vanskeleg å samanlikne desse søknadane då dette er ei særskild komplisert sak det er vanskeleg å få oversikt over. Dei konkurrerende prosjekta burde av den grunn vore på ei felles høringsrunde.

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5200 Bergen

Kopi til  
Fylkesmannen i Hordaland  
NVE

Grunneigarane i Aldselva kraftverk  
v/John Haukenes  
Haukanesvegen 125  
5652 Årland

19.11.2012

FEIL I SAKSFRAMLEGGET TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE I SAK NR. 277/12.

Vi krev at Hordaland fylkeskommune rettar opp feil saksopplysningar og korrigerer konklusjonane, så dei er basert på fakta. Sjå link til konsesjonssøknad saksnummer 201104255 hos NVE.

BKK sitt alternativ i Aldal, har ei langt dårlegare utnytting av Aldselva enn grunneigaranes småkraftverk. BKK sitt teoretiske potensiale er på rundt 12 GWh, viss dei greier utnytte 100% av vatnet med ein magasinprosent på 1,5% i Grønsdalsvatnet.

Grunneigaranes potensialet er på 18 GWh. Dvs at uavhengig om BKK kjem på Frøland eller i Aldal, er grunneigarane sitt småkraftverk i Aldselva utan tvil til størst nytte for samfunnet.

Sitat frå saksframlegget er i kursiv og kommentarar i normal skrift;

side1, avsnitt 2 (Samandrag)

*Aldal kraftverk vil ha ein årleg kraftproduksjon på 18 GWh og vil nytte drikkevasskjelda til Samnanger kommune, Fitjavatnet, til magasin. Tiltaket er ikkje i direkte konflikt med kjende freda kulturminne. Utbygginga vil generelt ha små verknader for naturmiljø, ressursar og samfunn, men det er venta at konsekvensen for friluftsliv i området vil vere middels negativ. Konsekvensane er i hovudsak knytt til redusert vassføring i elva og etablering av ei 20 meter brei og 2,5 km lang røyrgate. Området har tre trua, raudlista artar. Fylkesrådmannen meiner det er særskild uheldig at NVE har sendt to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid.*

Det er ikkje røyrgate som blir 20 meter brei, røret er 1 meter i diameter og blir nedgrave i heile røyrtraseen. I byggeperioden vil en måtte hogge ut skog i 20 meters bredde for å kunne bygge røyrtraseen.

Frå avbøtande tiltak: "Det vil etterstrebast å minimalisere alle fysiske tiltak, og legges til rette for en rask revegetering. Ved anleggsarbeid vil øvre jordmasser legges til side slik at disse kan benyttes til tildekking, slik at stedegen vegetasjon rask reetableres.

For å kompensere for tap av areal i rikere løvskog, vil det gjennomføres noe uthogst av eksisterende granplantefelt i Aldalen, slik at naturlig gjenvekst av naturskogen på sikt kan bidra til å opprettholde et artsrikt skogsmiljø, spesielt der vannvei er planlagt etablert."

Til side 4 (Konkurrerende prosjekt frå BKK)

*Alternativ 1 vil nytte fallet frå Grøndalsvatnet til sjøen og hente vatn frå sidevassdraga Aldselva og Kvernelva. Dette alternativet inneber at Frøland kraftverk vert lagt ned og*

ombygd til eit småkraftverk, og Myra kraftverk vert lagt ned. Aldal kraftverk er rekna til å få ein årsproduksjon på 222 GWh og gi 80 GWh ny produksjon.

Alternativ 2 vil nytte fallet frå Grøndalsvatnet til Frølandsvatnet. Også her vil noverande Frøland og Myra kraftverk måtte leggest ned. Dette alternativet vil gje ein årsproduksjon på 182 GWh eller 27 GWh ny produksjon. Til begge alternativa kjem også eit nytt Frøland småkraftverk.

BKK bruker netto fallhøgde på Frøland alternativet og brutto fallhøgde i Aldal alternativet i konsesjonssøknaden sin. Denne feilen medfører at BKK favoriserer Aldal alternativet med ca. 7 GWh.

NVE blei gjort oppmerksom på dette den 26.04.12.

#### Til side 6, avsnitt 1 (Landskap)

Inngrepet er rekna å ha større innverknad enn vanleg småkraftutbygging, grunna regulering av Fitjavatnet. Dette vil redusere området utan inngrep (INON1) med 0,16 km<sup>2</sup>. Med tanke på at elvestrengen i dag er lite synleg og at demninga ikkje vert synleg frå vegen eller fjorden er dei landskapsmessige konsekvensane hovudsakleg knytt til røytraseen og tilhøyrande anleggsvegar. Den vil gi eit minst 20 meter breitt og 2,5 km langt belte utan skog, som vil vere middels godt synleg i det storskala landskapsområdet. Regulering av Fitjadalsvatnet vil gje ei synleg reguleringssone langs heile vatnet. Denne vil vere innanfor naturlege variasjonar og vil difor truleg gjere reguleringstiltaka mindre synlege. Elva er meir synleg i øvre del og for dette området vil utbygginga ha noko konsekvens ved at vassføringa er lågare enn i dag eller fråverande. Konsekvensane er vurdert til liten til middels for landskap.

Vi vil igjen vise frå avbøtande tiltak: Det vil etterstrebes å minimalisere alle fysiske tiltak, og legges til rette for en rask revegetering. Ved anleggsarbeid vil øvre jordmasser legges til side slik at disse kan benyttes til tildekking, slik at stedegen vegetasjon rask reetableres.

For å kompensere for tap av areal i rikere løvskog, vil det gjennomføres noe uthogst av eksisterende granplantefelt i Aldalen, slik at naturlig gjenvekst av naturskogen på sikt kan bidra til å opprettholde et artsrikt skogsmiljø, spesielt der vannvei er planlagt etablert.

#### Til side 6, avsnitt 3 (Kulturminne og kulturmiljø)

Planlagde inngrep er ikkje i direkte konflikt med kulturminne. Regulering av vatn i Aldalselva vil påverke ein naturressurs som er knytt til oppleving av nyare tids kulturminne som kvernhus, sagbruk og eit lite kraftverk.

Me har registrert at det berre er eitt kvernhus att som kan definerast som kulturminne. Kvernhuset er ikkje funksjonelt utan omfattande restaurering. Utbygginga påverkar ikkje kvernhuset. Kjem kvernhuset i drift att, vil me sikre vasstilgang etter behov.

#### Til side 8, avsnitt 2 (R8 Kulturminne)

Konsekvensutgreiinga manglar ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne. Området er ikkje vurdert eller synfare av personell med kulturminnefagleg kompetanse. Hordaland fylkeskommune saknar referanse til SEFRAK-registeret, dvs. registeret av bygg oppførte før 1900. Kulturmiljøet ved Myrland er ikkje skildra i konsekvensutgreiinga. Her er eit gardsmiljø frå midten av 1900-talet. I tillegg er det fleire SEFRAK-registrerte bygg rundt Fitjavatnet som er ikkje skildra i konsekvensutgreiinga. Eit av desse er eit naust (SEFRAK id 122420004060) som ligg nær den planlagde sperredammen

*og inntaket. Det er uvisst om naustet står i dag og i kva grad det vert påverka av utbygginga. Det er heller ikkje vurdert avbøtande tiltak for kulturminne. Kjende kulturminneverdiar er ikkje tilstrekkeleg opplyst i konsekvensutgreiinga. Det bør utførast ei tilleggsutgreiing av kulturminne-tema av ein med kulturminnefagleg kompetanse.*

Naustet ved det planlagde inntaket i Fitjvatnet som er registrert som eit kulturminne (SEFRAK id 122420004060), tilhører ein av grunneigarane som er med i prosjektet. Naustet er intakt og vert ikkje påverka av utbygginga.

#### Til side 8, avsnitt 6-8 (Oppsummering)

*Prosjektet inneber utbygging av eit nytt og til no uregulert vassdrag. Konfliktnivået er vurdert til lite for dei fleste tema, med unntak av friluftsliv, der det er vurdert til middels. Utbygginga vil gje 18 GWh ny kraft, med regulering. Tiltaket er ikkje i direkte konflikt med kjende freda kulturminne. Utbygginga vil generelt ha små verknader for naturmiljø, ressursar og samfunn, men det er venta at konsekvensen for friluftsliv i området vil vere middels negativ.*

*Konsekvensane er i hovudsak knytt til redusert vassføring i elva og etablering av ei minst 20 meter brei og 2,5 km lang røyrgate. Området har tre trua, raudlista artar.*

*Vurdering opp mot BKK sitt prosjekt*

*BKK sine planar som omfattar Aldalselva, vil gje 80 GWh ny, regulerbar kraftproduksjon og nyttar allereie utbygd reguleringsmagasin. Dette står opp om strategi C, delmål 10 i Klimaplan for Hordaland «Effektivisering og modernisering av eksisterande vasskraftverk». Konfliktane ved utbygging av BKK sitt alternativ 2, nytt Frøland kraftverk og Frøland småkraftverk vil gje 27 GWh ny produksjon. Dette prosjektet har lågare konfliktnivå enn alternativ 1 med BKK sitt Aldal kraftverk. I motsetnad til BKK sitt alternativ 1, let dette prosjektet seg kombinere med Aldal Kraft AS sitt prosjekt. Desse utbyggingane vil totalt gje ein ny kraftproduksjon på 45 GWh. Fylkesrådmannen meiner det er særskild viktig at NVE sender to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid. Det er krevjande å vurdere totalbelastning ved dei to prosjekta opp mot kvarandre. Det er eit minimumskrav at prosjekta vert slutthandsama samla, noko NVE òg legg opp til.*

BKK bruker netto fallhøgde på Frøland alternativet og brutto fallhøgde i Aldal alternativet i konsesjonssøknaden sin. Denne feilen medfører at BKK favoriserer Aldal alternativet med ca. 7 GWh.

I Vedlegg 5 (GWh rekneskap ifbm konsesjonssøknad) i kommentarar til innkomne høyringsfråsegner datert 09.02.12, skriv BKK at bidraget frå Aldalselva vil utgjera en produksjon på 13 GWh i et kraftverk til BKK i Aldal.

I følge våre berekningar er dette ca. 1 GWh over teoretisk potensial, frå Aldalselva til eit BKK alternativ i Aldal.

NVE blei også gjort oppmerksom på dette den 26.04.12.

Leder for grunneigarane i Aldalselva kraftverk



John Haukenes

Vedlegg;

2012.02.09 BKK sine kommentarar til NVE på høyringsuttalelsene